



Kjetil Storeheier Norheim

Dato: 23.08.2023
Vår ref: 23/19355-2
Dykkar ref:
Saksbeh.: Eivind Dalseg

Rekonstruksjon av Borgund stavkirke - avklaringer rundt roller, behov og innsatsfaktorer hos samarbeidspartnere

Agder fylkeskommune synar til epost motteke 20.06.2023 angående rolleavklaringar, behov og innsatsfaktorar i stavkyrkjeprosjektet.

Bakgrunn

Prosjektet har gjenge føre seg sidan initiativet til stiftelsen Setesdal Stavkyrkje kom i 2019. Det vart den gong sett i gong eit forprosjekt hovudfinansiert av Valle kommune og Valle sparebank. Som del av dette, finansierte fylkeskommunen scanning med georadar på mellomalderkyrkjegarden der Hylestad stavkyrkje stod. Resultatet av dette, samt resten av prosjektet vart presentert på ein fagdag 26.03.2022.

I etterkant av dette har Norsk Handtverksinstitutt (NHI), samt andre store aktørar vorte involvert i prosjektet. Dette gir etter vår vurdering prosjektet ei sterk fagleg forankring på eit nasjonalt nivå.

Vår rolle i prosjektet

Den 20.12.2022 handsama Agder fylkeskommune ein søknad frå stiftelsen Setesdal stavkyrkje om midlar til oppretting av ei prosjektleiarstilling over 3 år. Dette for å sikre ressursar til å kunne arbeide med finansiering, marknadsføring og organisering av prosjektet. Følgjande vart einstemmig vedteke i fylkesutvalet:

«Agder fylkeskommune er positive til arbeidet med Setesdal stavkyrkje og ønsker bidra faglig og økonomisk.

For at ikke arbeidet med finansiering og avtaler med samarbeidspartnere stopper opp, bevilger fylkesutvalget 1 million kroner. Summen tas fra fylkesordførers disposisjonskonto. Administrasjonen bes komme tilbake med en ny sak med endelig plan for organisering av arbeidet, samarbeidspartnere og finansiering. Den resterende delen av søknaden fra stiftelsen Setesdal stavkyrkje ses i sammenheng med dette.»

Vedtaket synleggjer eit tydeleg ynskje om å bidra fagleg og økonomisk inn i prosjektet. På vedtakstidspunktet vart det etterlyst ei meir tydeleg organisering og rollefordeling. Dette må på plass før ein tek endeleg stilling til heile prosjektperioden. Vi er derimot kjend med at det

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65 4614
KRISTIANSAND S

Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
+47 38 05 00 00

E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134

Nettstad:
www.agderfk.no

arbeidast med å få etablert dette. Når dette er avklart vil fylkeskommunen handsame ein ny politisk sak om vidare finansiering.

Fylkeskommunen har tre bygningsvernssenter i regionen, derav eit av desse er lagt til Setesdal. Kontorstad er på Setesdalsmuseet, rett ved byggeplass, og er samlokalisert med museet sitt bygningsvernssenter. Arbeidsoppgåvene til bygningsvernssentra består blant anna av å bygge opp under handtverkskompetansen i fylket. Slik sett vil stavkyrkjeprojektet vere ei særmerkt moglegheit for å fremje og stø opp under dette arbeidet. Sentra har erfaring frå formidlingsarbeid, samt fleire ulike opplæringsprosjekt, kurs og arrangement. Vi vil såleis kunne bidra med kunnskap og ressursar inn i dette arbeidet ved behov. Bygningsvernssentra har òg eigne budsjettmidlar til kurs, arrangement og opplæringsprosjekt.

Bygningsvernssentra i Agder arbeider per i dag med to prosjekt saman med stiftelsen Setesdal stavkyrkje. Det er etablert kontakt med AT-skog om kartlegging av virke som kan vere aktuelt både for stavkyrkjeprojektet og istandsettingsarbeid på eldre bygg. Dette er eit samanfallande prosjekt som pågår, og sjåast i samanheng med utviding av eksisterande materialbank på Setesdalsmuseet. Samstundes arbeidast det med eit prøveprosjekt på blestring av myrmalm til smibart stål på Hovden. Dette i samarbeid med destinasjon Hovden og Bykle kommune. Tanken er å etablere ein formidlingsarena og eit fagmiljø, der ein kan hente ut stål til verktøy og/eller delar i stavkyrkja.

Utbytte av prosjektet

Agder fylkeskommune har gjennom regionplan Agder 2030 sett ned fleire målsettingar som dette prosjektet vil vere med på å bygge opp under:

- Jobbe for at riksveg 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistveg.
- Verdskapingen knyttet til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyene har økt.
- Samarbeidet mellom kultursektoren og reiselivet om kulturturisme har oppnådd nasjonal status.
- Tilrettelegging av kulturelle satsingar og regionens kulturarv for heilhetleg attraksjonsutvikling.
- Etablere og vidareutvikle bygningsvernssenter.
- Styrke samarbeidet med frivillig sektor om kulturminnevern

Proessen rundt etablering av ei ny stavkyrkje på Rysstad vil bidra til å bygge opp under Setesdalsregionen som eit attraktivt reisemål, samt støtte opp under setesdalskulturen sin status som verdsarv. Prosjektet vil gi regionen eit løft innanfor fleire område utover det reint handtverksfaglege. Bygningen vil bidra til å sette Setesdal på kartet, samt understøtte arbeidet med å utvikle reiselivssatsinga langs riksveg 9. Prosjektet har som formål å reise eit bygg som vil kunne nyttast som museum, kulturscene, turistattraksjon og som lokale for arrangement som bryllup og dåp. Kyrkja vurderast som eit stort løft for, og ei tydeleg satsing for utvikling av Setesdalsmuseet og omegn som besøksmål.

Agder har mange svært dyktige handtverksmiljø på nasjonalt nivå, noko som har resultert i at bedrifter i Agder fekk Bygg og Bevar-prisen både i 2019 og 2022. Fagmiljøet i Agder innanfor tradisjonshandtverk har ein sterk posisjon, noko som har resultert i mange gode prosjekt. Interessa for fagfeltet både blant huseigarar og handtverkarar har nok aldri vore større. Setesdal har mange bygningar frå mellomalderen, og det er ei uttala målsetting om å etablere fagmiljøet i dalen som eit nasjonalt kompetansesenter for mellomalderbygningar. Eit steg i denne prosessen er blant anna det pågåande kompetansehevingsprosjektet ved bygningsvernssenteret knytt til bygging av eit nytt trehøgdeloft, der 16 etablerte tradisjonshandtverkarar frå heile landet deltek. Stavkyrkjeprojektet vil verte ein unik nasjonal læringsarena for både handtverkarar og forvaltning. Det lokale engasjementet er stort, og ein er trygg på at handtverksmiljøa vil kunne ha utbytte av prosjektet både før, under og etter ferdigstilling av kyrkja.

Med helsing

Yvonne Fernmar Willumsen
Avdelingsleiar
Kulturminnevern og kulturturisme

Eivind Dalseg
Rådgivar
Kulturminnevern og kulturturisme

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: Eivind Falk
Sandra Birkenes